

## Retningslinjer for bruk av frie timar

Desse retningslinjene gjeld turnustilsette innan helse og omsorg i Gloppen kommune.

**Føremål:** Auka kvalitet og kontinuitet i tenesteytinga med mindre deltid og fleire 100% stillingar, rekruttere og behalde tilsette og langtidsmål om redusert sjukefråvær i sektoren.

### **Fast stilling med frie timar inneheld både bunden og ubunden arbeidstid:**

Arbeider tilsette inn (-) minustid i frie timar på fleire arbeidsplassar skal leiar som lønner krevje refusjon.

Faste stillingar med frie timar har same rettar som andre faste stillingar.

Frie timar kan berre nyttast saman med annan fast stilling og kan maksimalt tilsvare 20% (anbefaler 10%). Ynskjer tilsette overgang frå ordning med frie timar til fast avtale om arbeidstid, må dei søkje på ledige utlyste stillingar. Vanlege tilsettingsrutinar gjeld.

Både arbeidsgjevar og den tilsette må ta ansvar for å fylle timane.

Ved oppseiing av stilling med frie timar i turnusperioden, vert det gjort timerekneskap og trekk/ekstra utbetaling av løn samsvarande med faktisk arbeidstid i perioden.

### **Kva kan tilsette med frie timar forvente:**

Tryggleik for fast jamn inntekt heile året, og same rettar ved ferieavvikling, permisjonar og sjukefråvære som andre tilsette med fast stilling.

Heile eller delar av arbeidstida i frie timar vert plassert i årsplan og/eller vil ligge som minustid ved starten av nytt turnusår.

Del av frie timar som er plassert i turnus vil vere ujamn og ha auka arbeidsmengde i periodar spesielt i tider med ferieavvikling. Resterande minustimar har den tilsette ansvar for å arbeide inn i løpet av året.

Tilsette kan frivillig shoppe ledige vakter på kort varsel, men arbeidsgjevar har varslingsfrist på 14 dagar. Arbeidstid er gjennomsnittsberekna og ein kan arbeide opp til 54 t veke i enkeltveker, så lenge ein har minus tid igjen i frie timar.

Faste ubekvemstillegg vert rapportert for alle vakter lagt inn i årsplan. Ubekvemstillegg ein får med shopping av vakter gjennom året blir utbetalt som variabel lønn. Variable ubekvemstillegg vil ikkje vere med i grunnlag for pensjonsopptening.

Ved minustid igjen i frie timar, shoppa vakter og sjukmelding:

I arbeidsgjevarperioden (1-16 dg) vil allereie avtalte shoppa vakter telje ned på minustid – også ved gradert sjukmelding.

Ut over arbeidsgjevarperioden vil ein sikre nedtrapping av minustid i tråd med den stillingsprosent ein har avtale om i frie timar, ut frå sjukmeldingsgrad. Eventuelt tidlegare avtalte ekstravakter i dette tidsrommet vert sletta, på same måte som for alle tilsette som tek vikarvakter.

### **Arbeidsgjevar sitt ansvar for fordeling av vakter til tilsette med frie timar:**

I størst mogleg grad legges til rette for langtidsplanlegging. I årsplan skal ein fordele ledige vikar- og ferievakter ein vurderer må fyllast opp til dei som har frie timar.

Ut frå kompetansebehov, gje prioritet til ledige vakter som oppstår fortløpande i eiga avdeling/ anna avdeling, slik at tilsette får arbeide så jamt som muleg.

Tone-K. Morken

Marie Gjengedal

Geirulv K. Grimstad

Hildegunn T. Urberg